
Fra: Arne Hoeyland <arhoy@online.no>
Sendt: 9. april 2018 12:55
Til: Ingebjørg Vamråk; Post Austrheim; Postmottak Radøy; Postmottak Meland; Postmottak Lindås; Post Masfjorden kommune; Postmottak Vaksdal; Post Osterøy; Postmottak Modalen
Emne: bok om kystkulturen i Nordhordland

Hei
Her kjem ei oppdatert liste over svar frå kommunane om interessa for bok om kystkulturen i Nordhordland

<https://museumnytt.blogspot.no/2018/03/bok-om-kystkulturen-i-nordhordland.html>

no er det svar frå Masfjorden, Austrheim og Vaksdal som manglar før eg kan gå vidare i prosjektet

Helsing
Arne Høyland

Her er ordlyden i brevet eg sende til kommunane i Nordhordland den 25.02.2018

Hei
Under Båt- og sjøbruksregistreringane i Nordhordland og Voss på 1990-talet vart det gjort mange intervju om bygningar, båtar, reiskapar, ord og uttrykk og levemåten i gamle dagar. Sidan eg har kopi av alle registreringane er det lett for meg å samla alle intervju i ei bok om det skulle vera av interesse. Då ville det vera naturleg at kommunane i Nordhordland og Voss gjekk saman om ei slik bok. Eg gjorde også ein del intervju i samband med registrering av grindbygde hus i Nordhordland og kunne eventuelt også ta med desse intervju i boka.

Eg tek gjerne eit møte med kommunane om dette skulle vera av interesse.

Helsing
Arne Høyland